

2 hjartestartarar i bygda

30.11.2014



Dette er hjartestartaren på Hagetunet - lukkelegvis har den førebels ikkje vore i bruk

**Det er no 2 hjartestartarar i Uskedalen og dei er plassert i vaktrommet på Hagetunet og i foajeen på Aktivitetshuset.**

**Det er uskedalen.no bede om å opplysa ettersom det no er lenge sidan vi skreiv om startarane. Dei vart anskaffa for nokre år sidan og det var dei aktive Damevennene som finansierte dei.**

**-Heldigvis har startarane så langt ikkje vore i bruk, men vi kjenner ein stor tryggleik ved å ha dei til disposisjon, seier vakthavande i Hagetunet.**

Møyfrid Kristoffersen er ein av dei som legg vekt på denne beredskapen og som for vel ei veke sidan var på førstehjelpkurs med Hjartevakten.

Det var svært interessant og det vart gjeve mange førebyggjande råd. Men diverre var det berre 2 deltararar og det i ei bygd med 1000 innbyggjarar.

Slike kurs er alltid nyttige, særleg når ein går på dei fleire gonger. Repetisjon gjev den beste lærdomen, held Møyfrid fram. Ho vonar at det vert fleire kurs og at langt fleire melder seg på neste gong..

- Kven er det som arrangerer?
- Det er Hjartevakten på Løfallstrand og dei held helst kurs i små grupper, til dømes for små klubbar. Deira nummer er 534 82050 og mailadresse hlr.post@hjartevakten.no

Hjartevakten opplyssar til uskedalen.no at temakveldar dei held er opne for

alle som omgås born og at det var ein slik kveld dei hadde i Uskedalen no - med sviktande deltaking. Då gjennomgikk dei eit tilfelle der barnet hadde satt noko i halsen, gjenoppliving, forgifting, brannskade, blødning, medvitslausheit, feberkrampe og allergi. Dei kom også med gode tips for at heimane skal bli mest mogeleg barnesikre.,.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen